

LOV OG EVANGELIUM

Gitt ut av Norsk Luthersk Lekmannsmisjon

Nr. 4

15. april 1982

18. årgang

TROENS LYDIGHET

Av Johs. Brandtzæg

Salig er hun som trodde, for fullbyrdes skal det som er sagt henne av Herren.
Luk. 1, 39—45.

I dette Guds ord møter vi to kvinner, en gammel og en ung. De er svært forskjellige av alder og derfor på mange måter ulike også når det gjelder livets erfaringer. Mange ulikheter var det og mellom dem. Den ene var prestefrue, mens den andre var forlovet med en håndverker. Men de var bunnet sammen i en stor glede, så sjelene smeltet sammen i overjordisk harmoni. En høystemt lovsang steg opp til himmelens Gud fra hjerter som himmelen allerede var kommet til.

Vi trenger ikke å lete lenge etter årsaken til den gleden som hadde slike virkninger. Årsaken er bare en, Kristus tatt imot i tro. Salig er hun som trodde. Vi vil heller ikke glemme at den troen som ga Guds Sønn plass i Marias liv, fullstendig svarer til troens lydighet. Hvem kan glemme eller overse Marias ord: Se, jeg er Herrens tjenerinne, meg skje etter ditt ord?

Troens lydighet har det løftet og den

vissheten at «fullbyrdes skal det som er sagt av Herren». En tro uten lydighet kan være stor i ord, men «den må med skam tilbake gå uten målet å oppnå».

Hvordan ser så den lydigheten ut som fortjener navnet troens lydighet? Hva er det vi skal lyde?

Engelen kom til Maria med et ord fra Gud. Hun hadde valget mellom å lyde dette ordet eller å lyde de ordene som hennes menneskelige tanker ga henne. For Maria hadde og sine menneskelige tanker og beregninger. Hun bar dem fram for engelen i disse ordene: Hvordan skal dette gå til siden jeg ikke vet av mann?

Hva lå det i disse ordene fra Maria? Var det en uvillig protest? Eller var det ikke heller en bønn, et rop om lys i en så umulig sak uten at det var helt klart for Maria selv? Vi har all grunn til å tro det siste. Derfor fikk hun og et nådig svar av engelen. Han pekte på to ting som skulle hjelpe henne i denne kristiske stunden og dette vanskelige valget.

Det ene var at for Gud er ingen ting umulig. Den Høyestes kraft skulle over-

skygge henrte og sette ut av kraft hennes egen avmakt. Når kraften fra Gud får avsette avmakten og Den hellige Ånd får levendegjøre det som ellers er dødt, da skjer det underlige ting. Da kan endog Guds Sønn få menneskeskikkelse i en jomfrus liv. Det var ikke fordi hun var syndefri eller på annen måte fullkommen, men fordi hun tok imot ordet og var lydig.

Den andre tingen som engelen pekte på som hjelp for Maria, var en annen kvinnes erfaring av den Høyestes kraft. Det var en kvinne som hun var i slekt med og som hun antakelig også kjente så det var lettere for henne å få et gripende inntrykk av «henne som kaltes ufruktbar». Slik kom Gud hennes skrøpeligheit til hjelp. Skrøpeligheten fikk hjelp fordi den var parret med et villig sinn. Den forberedende nåden hadde vært på besøk hos Maria før engelen kom.

Når vi nå skal prøve å anvende dette på oss som er født i dag, skal vi først huske på at vi er født med uvilje mot Gud. Denne uviljen er ikke like synlig hos alle. Hos noen kan den være temmelig skjult under et bedragelig dekke av naturlig religiøsitet eller andre sjeleieidommeligheter som er grodd opp av naturrunnen. Men ingen er uten dette kjødets fiendskap mot Gud. Sammen med uviljen bærer vi på en mistro til Gud, en mistro som stadig frister oss til å sette et spørsmålstejn ved Guds ord: Har Gud virkelig sagt? Kan dette være Guds mening? På samme tid som vi mistror Gud, har vi en besynderlig tilbøyelighet til å tro på våre egne tanker og meninger. Med denne mistroen og denne troen blir vi uavlatelig stilt på valg mel-

lom mennesketanker og Guds tanker. Slik var det med Peter da Jesus sa til han: Du har ikke sans for det som hører Guds rike til.

Om du derfor skal komme noen vei i din salighetssak, må du begynne med å mistro deg selv. For hjertet er bedragelig framfor alt annet, og den som forlater seg på sitt hjerte, han er bare en dåre (Ordspr. 28,26).

Dette er begynnelsen til det villige sinnet. På dette villige sinnet oppfylles ordet: Hør, så skal eders sjel leve. Gi ditt hjerte hen til å lære. Lær av det budskapet fra Gud som er kommet til deg og.

Det villige sinnet må imidlertid stadig føre en kamp mot alle slags fornuftige innvendinger. Hvorledes kan dette skje? var Marias spørsmål. Jeg strever og sukker og ber, og av og til tror jeg nesten at nå har jeg det. Men når jeg våkner neste morgen, er det forsvunnet alt sammen, som en røyk som er tatt av vinden. Som en mann sa til meg på et ettermøte: Nå har jeg holdt på i tre år, men jeg har ikke fått det til. Nå er jeg bestemt på å gi opp, for det nytter så likevel ikke.

Slik stanser mange opp for det umulige. Mangen en har tenkt og sagt: Jeg er visst aldeles umulig. Det er visst ingen som er så umulig som meg.

Ja, la oss bli enige om det da, at du er ganske umulig.

Men hør nå her. For Gud er ingen ting umulig. Endog det å få en kamel gjennom et nåleøye er mulig for Gud. Gi deg bare over til han, du umulige og gjenstridige menneske. Når du etter alt ditt eget strev har overlatt deg som leret i pottemakerens hånd, så overskygges du av

Bladet Lov og Evangelium

Bladet blir sendt til alle som sender eksp., navn og adr.

Bladet blir halde oppe av frivillige gåver. Eksp.: O. Dyrøy, 5620 Tørvikbygd.

Alt som har med bladet sin eksp. blir sendt dit, som tinging, opppøseing og adresseforandring.

Gåver til bladet. Postgiro 5 68 21 33.

Red. Amund Lid, post 5600 Norheimsund.
Tlf. (055) 51 080.

Norsk Luth. Lekmannsmisjon

Form. Ragnar Opstad

Oppstadv. 38, 4350 Nærbø Telf. 04-433685.

Kass. Sverre Bøhn, 5601 Norheimsund.

Postgiro 5 68 21 33. Bankgiro

Vikøy Sparebank 3530.21.00932.

ØYSTESE TRYKKERI A/S

Har du Jesus kjær?

Av Øivind Andersen

Bønn: Kjære Jesus, vi takker deg fordi du åpenbarer deg for mennesker som trenger hjelp og frelse, og det gjør vi Herre. Jeg ber deg tale til oss gjennom ditt ord, slik at vi kan se deg, og slik at vi kan ta imot den frelse som du har kommet til oss med. Amen.

I Johannes Evangelium 21, 15—19 leser vi i Jesu navn: Da de nu hadde holdt måltid, sier Jesus til Simon Peter: Simon, Johannes' sønn, elsker du meg mer enn disse? Han sier til ham: Ja. Herre! du vet jeg har deg kjær. Han sier til ham: Fø mine lam! Atter sier han til ham, annen gang: Simon, Johannes' sønn! elsker du meg? Han sier til ham: Ja, Herre! du vet jeg har deg kjær. Han sier til ham: Vokt mine får! Han sier tredje gang til ham: Simon, Johannes' sønn! har du meg kjær? Peter ble bedrøvet over at han tredje gang sa til ham: Har du meg kjær? Og han sier til ham: Herre! du vet at jeg har deg kjær. Jesus sier til ham: Fø mine får! Sannelig, sannelig sier jeg deg: Da du var yngre, bandt du selv opp om deg og gikk dit du ville; men når du er blitt gammel, da skal du rekke ut dine hender, og en annan skal binde opp om deg og føre deg dit du ikke vil. Dette sa han for å gi til kjenne hva slags død han skulle ære Gud med. Og da han hadde sagt dette, sier han til ham: Følg meg! Amen.

Det var en av disiplene som hadde det særlig ondt etter at Jesus døde på korset, og det var Peter som hadde forneket ham tre ganger. Det var en veldig synd,

den Høyeste kraft, og Guds liv blir født i ditt liv. Har ikke Gud innbudt deg? Har du ikke fått Guds løfte? Så hør da, og din sjel skal leve.

Slik gikk det med mannen som hadde holdt på i tre år. Slik er det gått med tusener andre og. Noen av de kjenner du, som Maria kjente Elisabet. Han som frelste andre, frelser deg og. Han både kan og vil.

Slik vi begynte troens vei med å være troen lydig, slik vil vi fortsette og. Da troen ble tent i hjertet mitt, kom det en ny glede som jeg aldri hadde kjent maken til før. I denne gleden kjente jeg meg i slekt med de andre som var på samme veien. Da var det ikke lenger trelle eller fri, greker eller barbar, men alle var ett i Kristus, vårt liv.

Med ansiktet vendt mot det nye Jerusalem går vi så videre og synger den nye sangen.

Fra «Gjennom Ild».

en alvorlig synd Peter hadde gjort da. Å fornekte Jesus er det samme som å fornekte det evige liv. Tre ganger sa Peter at han ikke kjente Jesus, først i sin alminnelighet: Jeg forstår ikke hva du mener, sier han, andre gangen avlegger han ed på at han ikkje kjenner ham, og tredje gangen ga han seg til å banne og sverge på at han ikkje kjente Jesus, står det.

Å kjenne Jesus er som sagt det evige liv, og det Peter gjorde var jo faktisk å avsverge det evige liv, da han avsverget at han ikke kjente Jesus. Du kan tenke deg hvordan det kjentest for ham som var satt som leder for flokken. Han var også advart av Jesus på forhånd, men han sviktet. Denne Peter som sviktet slik, han hadde sagt til Jesus slik vi leser i Matt. 26: Om alle tar anstøt av deg, vil jeg aldri ta anstøt, han skulle nok klare det selv om de andre sviktet, Peter skulle ikke svikte, og så var det ingen som hadde sviktet slik som han.

Nå står det her at da Jesus denne morggen åpenbarte seg ved Genesaretsjøen, på det samme sted hvor Peter ble kalt til apostel en dag, da spør Jesus Peter: Simon, Johannes' sønn, elsker du meg mer enn disse! Han kaller ham med hans egentlige navn, Simon, som betyr den vankelmødige, den som han ikke riktig kan stole på. Og Jesus hadde sagt ved det første møte, du heter Simon, men du skal hete Peter. Så sier han, Simon, Johannes' sønn, han minnet Peter om at det han er av naturen — han var ikke riktig til å stole på nei. Og så spør han: Elsker du meg mer enn disse, elsker du meg mer enn de andre disiplene gjør? Du har forsikret at om de sviktet skulle ikke du svikte, hvordan er dette, Peter?

Det står nok klart for Peter hva Jesus mener, men ett er sikkert: Peter hverken kan eller vil unnvære Jesus, han må ha Jesus, og hvor galt det enn ser ut Peter er knyttet til Jesus, og så sier han: Ja, Herre, du vet at jeg har deg kjær. Han bruker ikke sterke ord, men det han sier er sant, og Jesus godtar svaret. Så får han en oppgave: Fø mine lam!

Men Jesus fortsetter å spørre. Liksom Peter fornekter tre ganger, så spør også Jesus tre ganger. Andre gangen er spørsmålet snevret inn, da spør ikke Jesus elsker du meg mer enn disse, men da spør han: Elsker du meg? Peter merker det nok, den andre fornektelsen er sterkere enn den første, og det andre spørsmålet Jesus gav han var snevrere enn det første. Men han sier det samme, for det er sant når Peter svarer: Ja, Herre, du vet at jeg har deg kjær. Og så får han atter en oppgave, og merk deg at denne oppgaven er større enn den første. I dette spørsmålet er det større ydmykelse enn ved det første spørsmålet, men oppgaven Peter får er større nå, nå heter det ikke fø mine lam, men vøkt mine får.

Men så spør Jesus tredje gang. Det svarer til den tredje fornektelsen. Det er som Jesus vil si som så: To ganger har du sagt at du har meg kjær, Simon, Johannes' sønn *har* du meg kjær? Du sverget på, du forbannet deg på at du ikke kjente meg, har du meg kjær? Det var ikke mye igjen av Peter nå kan du tro, dette var en veldig ydmykelse. Men Peter tar den innover seg, Han protesterer ikke men sier, og det er som et nødrops: Herre, du vet alt! Da skulle han si at du vet alt, Jesus visste at Peter gikk ut og gråt bittert, Jesus visste om Peters nød

og kvaler, Jesus visste at Peter ønsket det ugjort alt sammen om det hadde vært mulig med hele fornektelsen. Herre du vet alt, det er ingen unnskyldning, det er ingen bortforklaring, men det er en fortrøstning til Jesus i dette: Herre, du vet alt, du vet at jeg har deg kjær. Og Jesus godtar det, og så sier han til Peter, og nå får han en enda større oppgave. Nå heter det ikke vokt mine får, men fø mine får. Peter blir igjen innsatt i sin apostelstilling nå. Og det ser vi av det som kommer videre, da Peter hadde sagt dette og bekjent dette, da sier Jesus til ham: Sannelig, sannelig sier jeg deg: Da du var yngre bandt du selv opp om deg og gikk dit du ville, og det hadde nok Peter tydelig lagt for dagen også nå, når du er blitt gammel skal du rekke ut dine hender, og en annen skal binde opp om deg og du skal gå dit du ikke vil.

Nå skulle ikke Peter gå sin egen vei mer, nå skulle han gå en vei som han slett ikke ønsket og slett ikke ville, og som han likevel skulle gå for Jesu skyld. Peter fikk vite dette fordi Jesus skulle gi tilkjenne hva slags død Peter skulle

komme til å ære Gud ved. Peter led martyrdøden i Rom samtidig med Apostelen Paulus under keiser Nero. Det så ikke meget ut til å være til noen ære da Paulus og Peter døde, men du ser Herren ser annerledes på de ting enn vi gjør, og som det står i Salme 116,15: Kostelig i Herrens øyne er hans frommes død. Det at en lider døden for Jesu skyld, om det ser ut som vanære i menneskenes øyne, så sier Jesus at han ærer Gud.

Og da Jesus hadde sagt dette, så sier han til Peter: *Følg meg!* Nå er Peter der hvor Jesus sa til ham en dag: På det sted hvor jeg nå står, på den samme strandbredd, hvor jeg sa: *følg meg*, så vil jeg gjøre deg til menneskefisker. Nå er det i orden med Peter igjen, bare at nå er det så meget bedre, og Peter kom aldri mer til å svikte sin frelser.

Slik er Jesus, slik er han også mot deg som har sviktet ham i dag. Gå til ham og si: Du vet alt Jesus, du vet at jeg har deg kjær. Du blir vel mottatt. Amen.

Avskrift etter lydband fra den Lutherske Timen i Norea Radio, med løyve fra Andersen og Norea, ved A.L.

Alt er ferdig

Aronsen hadde vært til sjøs.

Det behøvde han ikke å fortelle oss der vi møtte ham på korridoren med oppbretta skjorteermer en varm sommerdag. Tatoveringene tett i tett fortalte oss det. Han betrodde oss forresten senere at det var i sin stolte ungdom han hadde funnet på «slikt fanteskap», som han kalte det. Han hadde reist fra forel-

dre og søsken og kamerater som ganske ung. Han skulle vise dem hva han dugde til!

Og sannelig klarte han det.

Om han nå angret på tatoveringene og annet tøys som han fant på, så var han da kommet fram til å bli overordna på skuta. Og hans fine, høflige framtoning fortalte om en personlighet som gav re-

spekt i sitt ytre. Kaptein Aronsen var en aktet mann.

Han brukte ikke mange ord, nei. Men spørsmålet: — Hva feiler det meg, tro? lå å lese i hans brune og noe sørgmodige ansikt. Kona hans spurte om det samme, — uten ord.

Det er noen mennesker du får en indre fornemmelse av å måtte følge videre. Slik med disse to. Nå er de borte for lenge siden.

Det viste seg at Aronsen var syk. Den flotte brunfargen som en i første omgang trodde var et resultat av seiling i sydlige farvann, var nok ikke så bra. Han ble vår pasient for lengre tid. Han var svært taus. For omsider gikk det opp for ham at han snart var ferdig med dette livet. Kona visste det også. Hun satt mye ved sengen, — sa ikke så mye hun heller, bare var der hos ham. De ventet — sammen.

En dag støtte noe nytt til. Vår kjære pasient kunne ikke snakke mer. En hjerneblødning hadde røvet ham talens bruk. Det eneste som han etter noen dager kunne få sagt, var ja — og nei. Men heller ikke det kunne han få inn i rett sammenheng. Det ble ikke lettere å være pasient etter dette. Og det ble heller ikke lett å være pleiere. Han ble amper, og vi noe hjelpeløse. Vi gjettet oss fram til hans ønsker, og det kunne ta tid.

En formiddag var han mer amper enn vanlig. Det var ikke mulig å roe ham, selv om jeg gjorde mitt aller beste for å finne fram til hva han ville. Uroen og amperheten vokste til faretruende høyder. Vilt fortvilet løftet han den friske handa til en ørefik, — som jeg jo fikk avverga.

Hva kunne det være som jeg ikke greidde å oppfatte?

Da slo det ned i meg — det spørsmålet jeg ikke hadde våget å stille ham før:

— Hør litt nå, Aronsen, er det ditt forhold til Gud som ikke er i orden?

Det ansiktet, og det spørrende blikket fortalte tydeligere enn ord at vi var kommet fram til det som lå ham på hjertet. Handa hans sank ned på dyna, og vi fikk tales ved. Om ikke ja og nei falt like heldig ut alltid, så snakket han likevel. Jeg kjente ikke hans fortid, visste ikke hva slags synder som forskrekket han. Og han kunne ikke få bekjenne en av dem der han lå. Jeg spurte heller ikke etter dem.

Men Jesus var ikke ukjent med Aronsens synder. Han hadde båret dem, kjent dem på sitt legeme, og sonet dem alle på Golgata. Han led straffen for dem, like til det å bli forlatt av Gud, det som er selve fortapelsen.

Det var ikke bare «på liksom» at Jesus fikk kjenne kvalene av dette, så han måtte rope: Min Gud, min Gud, hvorfor har du forlatt meg! — Det var ramme virkelighet. Han måtte gjennom det også, som den stedfortreder for syndere som han var.

Nå var dette aktuelt for kaptein Aronsen. Han prøvde å løfte hodet fra puta for riktig å få høre det om igjen.

— Og alt som måtte gjøres for at du skulle bli berget for evig, det har Jesus gjort, — alt er ferdig — for deg også.

Tenk om jeg hadde måttet si til denne fortvilte mannen at der står noe igjen som du må få i stand!

Og tenk om jeg skulle måtte si det samme til deg!

Ein ny skapning

Difor, om nokon er i Kristus, så er han ein ny skapning; det gamle har forgjengest, sjå, alt har vorte nytt! (2. Korint. 5,17).

Dette ordet høyrst nok ut som dårskaps tale for eit naturlegt menneske, og kan vera vanskeleg å forstå og er lett å mistyda også for eit Guds barn. Når du ser på deg sjølv er det vanskeleg å forstå og sjå at det gamle er forgjenge, for kvar dag ser du og må erkjenne at det naturlege menneske lever og er som det var, og du kjem, i tvil på om du kan vera eit Guds barn slik du er.

Då må du leggja merke til at dette veraset tek til med difor. Dette difor viser tilbake på vers 16: Difor kjenner me heretter ikkje nokon etter kjøtet; om me har kjent Kristus etter kjøtet, så kjenner me han ikkje lenger soleis. Jesus hadde dei tidlegare kjent etter kjøtet, ved å sjå han med auga, men nå var det slutt. Dei kunne berre sjå og kjenna han på ånden og gjennom ordet og vitnemålet hans i Skriftene. Slik er det og med den som er

i Kristus, den som er eit Guds barn. Du kjenner han ikkje, anten det gjeld andre Guds barn eller deg sjølv, etter det naturlege menneske du ser, høyrer, og kjenner er der og lever som før. Mange har trutt og trur også i dag at dei er ferdige med det gamle mennesket, at det er forvandla til ein ny skapning, men dei fer vill. Alle som er av sanninga lyt erkjenne at det lever, og er livskraftig som før, om det får råda og ikkje er under Guds tukt.

Nei den som er i Kristus, kjenner du på den ånd dei er av, den ånd som bur i hjarta og ter seg virksom i vitnemål og liv hjå den som trur, i det sinn dei har, ved trua på Jesus, at dei kjenner løyndomen i evangeliet, eig ei fatig ånd, som på same tid er rik i Gud og eig gleda i Herren.

Korleis kan der så stå at alt det gamle har forgjengest, og at alt er blitt nytt? Legg merke til at både vers 17 og 16 tek til med eit *difor*, som viser tilbake til det som er sagt framanfor, serleg i vers 15. Der seier apostelen at me har gjort opp med oss sjølve at ein døydde for alle, difor har dei alle døydt. Når Jesus døydde på Golgata for oss, døydde me med han, der blei det enden på det gamle menneske. Paulus seier i Rom. 6: «Sidan me veit dette at vårt gamle menneske vart krossfest med han av di syndelekamen skulle verta til inkjes, så me ikkje skal tena synda lenger; for den som har døydt, han er rettferdiggjord frå synda. Men *har me døydt med Kristus, så trur me og at me skal leva med han*, av di me veit at Kristus sto opp frå dei døde, døyrr han ikkje meir; døden har ikkje lenger

Der står fortalt i Matteus 22,4, at tjenerne ble sendt ut for å si:

«*Se, jeg har gjort i stand — og alt er ferdig.*»

Slik som eg var!

Då eg fekk sleppa den byrda eg bar. Døra var opna for syndaren store, ja, det var nok det som Frelsaren gjorde! Barn fekk eg vera, og Gud var min far. Slik som eg var.

Berit Berg.
Fra «Evangelisten»

velde over han. For den døden han døydde, den døydde han ein gong for synda, men det livet han lever, det lever han for Gud. *Såleis lyt de og halda dykk for døde for synda, men levande for Gud i Kristus Jesus.»*

Der blei det enden på det gamle menneske, det døydde med Kristus og blei til inkjes for Gud, og såleis kan den som er i Kristus halda seg død frå synda med Kristus, for at me skal leva i ein ny livnad. Me trur at som me døydde med han, såleis skal me og leva med han.

Ein ny skapning

Men der sto også at den som er i Kristus han er ein ny skapning, alt har vorte nytt, og du spør kva som er blitt nytt?

Det er vel forfatternen til dette brevet, Paulus, det beste vitne om. Etter at han møtte Jesus, lærde han å kjenna og kom til trua på han, viser Skrifta klart at den gamle Paulus var død, og det sto fram ein ny skapning, som ikkje lenger levde for seg sjølv, men for Jesus som døydde og sto oppatt for han.

For det første ser me at det blei ei ny ånd. Den ånd som var rik, som trudde på Gud, som hadde alt og trong ingen ting, som hata Jesus og dei som trudde på han og lærde om han, som stod Gud imot, Jesus imot og dei som trudde på han, den døydde i møte med Jesus. Han fekk ei ny ånd som trudde på Jesus, som elska Jesus og evangeliet, som elska og leid for frendane sine etter kjøtet som ikkje var frelste, som elska heidningane og motstandarane så han var villig til å tena dei med evangeliet. Det gamle sinnelaget var borte, den rike og mette Paulus som levde i og av å granska Skrifte-

ne, som «trudde om seg sjølv at han var rettferdig og såg ned på alle andre», som frøste av mord og vald, det var borte. Etter møtet med Jesus fekk han del i Kristi sinn, som viser seg i ei fatig ånd som dagleg er avhengig av Jesus, hans nåde og tilgjeving, som leid med dei lidande og gret med dei gråtande.

Det gamle livet Paulus levde før han møtte Jesus og kom til trua, det tok slutt, og det blei eit nytt liv i teneste for evangeliet, i trengsel og liding for evangeliet, i kamp for evangeliet. Les du i Skrifta om Paulus før og etter møtet med Jesus, vil du få sjå kva som ligg i dette at det gamle har forgjengest og alt har vorte nytt.

Men alt dette er av Gud, som forlikte oss med seg sjølv ved Kristus og gav oss forliksteneste. Det var ikkje vanskeleg å sjå at Paulus var ikkje forliket med Gud før sin omvendelse, for han sto Jesus imot og forfylgde dei som trudde på Jesus og forkynte han. Men etter det møte der han fekk sjå sin motstand mot Gud, at hans eigne rettferdige gjerningar og kunnskap i skriftene ikkje var noko verd overfor Gud, og han låg der som ein hjelpelaus syndar som ba om ljøs og frelse, blei alt nytt. Han fekk høyra og sjå at Gud var i Kristus og forlikte verda med seg sjølv, så han ikkje lenger tilreknar dei synda og misgjerningane dei-ra. Frå den stunda fekk Paulus eit hjarta som var forliket med Gud, som hadde fått nedlagt forlikelsens ord, som elska Jesus og evangeliet og dei som hørde Jesus til. Han som før forfylgde, hata og frykta og sto imot Guds folk, forkynte nå Kristus og ordet om krossen, og for-

mante i staden for Kristus folket om å forlika seg med Gud og tru evangeliet. Han hadde nok sine ord i behold då han seier at alt det gamle er forgjengest, sjå alt har vorte nytt. Før var det han sjølv, Paulus som var midtpunktet i all hans gjerning, liv og teneste. Nå hadde Jesus inntekte plassen i hjarte og liv og teneste, så han ville ikkje vita av noko anna enn Jesus, og han krossfest.

Var han så ferdig med alt det gamle? Ja, når det gjeld oppgjerdet og forliket med Gud, det blei gjort til inkjes og teke bort hjå Gud då han døydde med Kristus på krossen. Nå levde han eit nytt liv i trua på Kristus, på Jesu gjerning og forteneste, på hans stedfortredande død og sonande blod på krossen, og i trua på Jesus rettferdige liv for han. Han *livde i Kristus, og Kristus lever i meg*, og det livet og nå lever i kjøtet, det lever eg i trua på han som elsker meg, og gav seg sjølv for meg. (Galat. 2.)

Men Skrifta viser også klart at Paulus var ikkje ferdig med det gamle menneske, det Bibelen kallar kjøtet, det naturlige, falne og syndige menneske. Eg elendige menneske, kven skal fri med frå denne dødens lekam? seier han i Rom. 7. kap. Gud være takk, *ved Jesus Kristus*, legg han til. Så er det då ingen forømmelse, for den som er i Jesus Kristus. For livets Ånd har i Jesus Kristus gjort meg fri frå synda og døden si lov, fortset han i Rom. 8. Eg har tenkt meg at den taggen i kjøtet, den satans engel som slo han og ydmyka han, hadde noko med dette å gjera. Han ba om at Gud ville ta det bort, men Gud svara: *Min nåde er deg nok*, for mi kraft vert fullenda i vår vannmakt.

I 2. Kor. 4 seier han at Gud let ljuset frå evangeliet om Kristus herlegdom skina inn i hjarto våre, men denne rike skatten har me i eit leirkar, så den rike krafta *skal vera av Gud og ikkje av oss*, med di me støtt er i trengsla, — tvilande, forfylgde, nedslegne — alltid berande Jesu død med oss i lekamen. Dette fortel litt om at han har det gamle i kjøtet, men det lyt vera under Guds tukt og dom, slik at det ikkje skal få leva og råda i vårt liv (Galat. 5. kap.) Dette lyt vera slik for at me skal leva i nåden, for at frelsa skal vera av Gud og ikkje av oss. Sæle er dei fatige i ånda, himmelriket er deira, seier Jesus i Matt. 5. Og til Menigheten i Smyrna seier Jesus «Eg veit om trengsla di og fatigdomen din, men du er rik.» Det viser at det å vera fatig i ånda og leva i trengsel, frå det gamle menneske og frå verda, men samstundes vera rik i Gud, rik i Kristus og evangeliet om han, ved at Gud let ljuset frå evangeliet om Jesus lysa inn i hjarto våre, det er å leva rett og godt med Jesus.

Ein av våre største farar er når denne dødande gjerning og kampen mot vårt gamle menneske stoggar og tek slutt, så Anden og ordet sin tukt ikkje lenger får døda kjøtet og gi ånda liv ved evangeliet. Då vil menneska atter leva etter kjøtet, og då vil åndslivet døy. (Rom. 8, 13-fig.) Eller det vil gå same vegen som menigheten i Laodikea, som var rik og ikkje trong nokon ting, som ikkje visste at dei var ynkelege, fatige, blinde og nakne, at Jesus var utanfor hjartedøra. Dei såg nok ned på dei i Smyrna som levde i fatigdom og trengsel, og hadde nok spottande tankar og ord om dei som aldri kom lenger. Den gamle natura kan

Syng ikkje om Jesus til Antikrist tonar

For ei tid sidan uttala ein biskop om den moderne songen, at det fanst ikkje song som ein kunne kalla kristeleg eller verdslig song. Ein mykje betenkjeleg uttale av ein biskop, ein som skulle vera ein hyrde for Guds menighet på jorda.

Bibelen lærer at me menneske blir leia og inspirert av åndsmakter. Guds barn blir leia og inspirert av den Heilage Ande, og verda sine av tidsånda, denne verda sin fyrste som råder i denne tid. (Efes. 2), og det skulle vel ikkje vera noko ukjent at både Gud og djevelen brukar songen, både orda og tonen i si teneste for å påvirka menneske. Så det burde vera klart for alle i det kristne arbeid, for den som lever med Gud, at det finst song og musikk som er av Gud og inspirert av Gud, og at det finst song og musikk som er inspirert av det vonde, av djevelen.

Men når me ser på stoda i dag, korleis

den moderne songen, popp og rock eller kva dei no kallar den, vinn inngang i det kristne arbeid og blir forsvart av kristne leiarar, kan ein bli forferd. Me må spørja om dei ikkje ser at Guds folk blir leia vill av antikristens ånd, at antikristens tonar held på å overta den sang- og toneskatt som er oss gitt av Gud. Det vil sei trengja unna det som er gitt og inspirert av Gud, til fordel for heidensk, verdslig og antikristeleg sang og musikk. Me vil minna om det Guds ord seier i 1. Johs. brev kap. 4, 1-fg: «*De kjære, tru ikkje kvar ei ånd, men prøv åndene om dei er av Gud!*»

Me tek difor med det leiaren for dei Evangeliske Mariasøstre skriv om denne sak, i von om at det kan vera med å opna augene på nokon av dei som let seg fanga av den moderne musikken og åtva andre mot den.

A. L.

Om bruk av kristen-rock

«Syng ikke om Jesus til Antikrist toner.»

Om dette skriver lederen for De Evangeliske Mariasøstre, Basilea Schlink, bl.a.:

Musikk blir alltid inspirert av en ånd, og det er derfor avgjørende hva som er inspirasjonens kilde. Det er i siste instans ikke visens ord og tekst som er avgjørende, men heller ånden bak musikken. Derfor sier Den Hellige Skrift innledningsvis der det er tale om å syng og spille i menigheten: «Bli fylt av Ånden!»

nemleg vakna opp att i nye og evangeliske former, som granskar skriftene så me blir rik og gler oss over det me ser og lærer der, utan at me blir døda og gjort til ein fatig syndar som lever av nåde, utan ei fatig ånd som erfarer evangeliet sin livgjevande gjerning og kraft.

Sæle er dei fatige i ånda, himmelriket er deira, sæle er dei som hungrar og tyrstar etter rettferd, dei skal verta metta, dei som ingenting er og kan, men allikevel eig alt, og kan gjera mange rike.

Amund Lid

Det betyr at om visens tekst nok inneholder et kristelig budskap, men melodien er preget av en ånd som ikke er god, så kan den ikke bringe noen åndelig velsignelse, hvor from den enn kan virke. Også på dette felt setter forførelsen idag inn, og det er mange som går på limpinnen. Navnet Jesus blir jo nevnt! Mennesker kalles jo til omvendelse! Da må det vel være all right å benytte popmusikken, ja også «beat» og «rock». På den måten hører ungdommen i det minste om Jesus. Nå når kirken ikke har noen tiltrekningskraft lenger og ungdommen er blitt fremmedgjort for den, er en nødt til å gjøre bruk av dette populære middel. For å få tale til unge, må en først få samlet dem, men det er ikke bare denne musikken som trekker. Skulle vi så ikke ta i bruk moderne metoder for å nå dagens unge?

Vår Herre Jesu motstander har nesten over alt hatt en fantastisk suksess med denne forførelsen. Han beholder de religiøse tekstene, men de er i stor utstrekning føyet inn i melodier og rytmer som er preget av hans ånd. Derved bringer han mennesker under sin innflytelse uten at de merker det. Ikke bare mister de åndelige tekstene sitt innhold, men de driftene som på grunn av rytmene er sluppet løs, forårsaker hos tilhørerne, og særlig hos ubefestede unge, et adferdsmønster som er tilstrebet og ledet av fienden. Ved hjelp av denne fascinerende musikken vinner han mer og mer makt i deres liv. Dette kan føre til at et menneske kan få ødelagt sin tro, moral, personlighet — og kaste ham inn i en tilstand av fortvilelse og ytterste elendighet.

Virkeligheten er høyere enn alle diskusjoner. Selv blant bevisste, kristne diskuteres det om ikke nettopp popmusikken kan være til stor hjelp i arbeidet for å føre dagens unge til Jesus.

Den kristne sangeren og gitaristen Bob Larson skriver: «Rock and roll er mer enn bare en slags musikk. Det er en raffinert makt som undergraver moralen. . . Bare ved sin takt, tempo og klang fører rockemusikken til at man lar all selvbeherskelse fare og priser frihet og seksualitet. . . sinnene bedøves, og man kommer i en tilstand av moralsk likegyldighet og mangel på holdning. De inntrengende elektriske gitarlydene, sammen med de nevrotiske trommeslagene fører nødvendigvis til hemningsløshet. . . Det verste er at denne musikken er blitt en slags religion. . . Budskapet fra Rock and roll-sangene og de som produserer dem, er antikristelig og står i motsetning til de bibelske normer.»

Opphavet til denne musikken blir avslørt i et tysk ukemagasin under overskriften «Trance-musikk: Trollmenn ved syntetizeren». Artikkelen omtaler denne musikken som «endetids-musikk».

En misjonær forteller hvordan innfødte kristne som tidligere hadde vært hedninger, reagerte på rockemusikken, som ble innført i deres land av «kristen» ungdom. «Hvorfor påkaller disse unge mennesker demonene med musikken sin?» spurte de. De gjenkjente samme psykiske stimuli som de tidligere hadde benyttet for å opprette kontakt med de mørke, demoniske makter. Den som ikke vil se det forførende i denne musik-

ken, blir ved disse kjennsgjeringene vist hvor den kommer fra. Sannheten om dens opprinnelse blir ytterligere bekræftet når man hører at disse melodiene ofte er blitt komponert under påvirkning av alkohol og narkotika. Noen komponister uttalte til og med at de mottok melodiene etter å ha tilbedt Satan og bedt ham om å gi dem musikken.

Derfor er det så mye mer rystende å se i hvilken grad musikken nedenfra har funnet veien inn på det kristelige område.

Men Kristus lar seg ikke knytte sam-

men med det som er inspirert av hans fiende. «Hva samfunnet er det mellom Kristus og Belial?» (2. Kor. 6,15). I stor grad er Satan den drivende kraft bak denne musikken, selv om forførelsen skjer under evangeliserende fortegn. En ting er klart: Etter Guds ord må de kristne forkaste den. Til alle som har latt seg rive med av forførelsen, går derfor idag dette kallet ut: Omvend deg! Forstå hvem det er som blir forhånet.

(M. B. Schlink i heftet «i dragsuget av vår tids forførelser». Luther forlag. Utdrag ved G. Melbø.)

Mitt hjartans ynske til Gud er at dei må bli frelste

Dette hjartesukket frå Paulus finn me i Romerbrevet 10,1. Kva var årsaka til denne bøna frå apostelen Paulus? Det fortel Rom. 1, 1—6:

«Paulus, Jesu Kristi tenar, kalla til apostel, utkåra til å forkynna Guds evangelium, som han fyreåt hadde lova gjennom profetane sine i heilage skrifter, evangeliet om Son hans, som er kome av Davids ætt, men etter heilagdoms ånd er Guds veldige Son, som prova vart med di han sto opp frå dei døde, Jesus Kristus, vår Herre, han som me fekk nåde ved og apostel-embete, so me skulle verka lydnad i tru millom alle heidningfolki til æra for hans namn — millom dei er de og kalla til Jesus Kristus.»

To ting går klart fram av dette ordet og heile brevet. Alle er kalla til å få samfunn med Jesus Kristus. Kven kan forstå denne store løyndom? Dette som nå er kunngjort gjennom dei som har forkynt

dykk evangeliet ved den Heilage Ande, som vart send frå himmelen — dette som englane har hug til å skoda inn i.

Frelsa må difor vera det største eit menneske kan få del i, det herlegaste, rikeste og mest fullkomne. Skrifta seier at det er å verta Guds barn, med alle dei rettar det ber med seg, å vera Guds arvingar og Kristi medarvingar.

Men alt dette forkasta Israel — Guds utvalde folk — då dei viste Jesus i frå seg. Dei var fornøygde med å arva læra, templet og ofringane, det som dei kunne sjå og forstå. Dermed blei dei fiendar av Guds frelse i Jesus Kristus, og Paulus som hadde sett og teke imot denne frelsa og forkynste evangeliet.

Mange og store brytningar hadde Paulus måtta gjennomlevt under lova. Han hadde lest om lova sitt rike, men han visste ikkje at han var borgar av dette riket. «Han gikk i blinde, og lå i døden, og mørkets fyrste holdt han ganske

fast», som songaren seier det. Men det såg han ikkje, og heller ikkje hans medbrør. Dei hadde ingen fred og hjartevile under lova.

Men den dagen Annanias la hendene på han og sa: «Saul, bror! Herren har sendt meg, Jesus, han som synt seg for deg på ferda di, du skal få att synet ditt og fyllast med den Heilage Ande», blei alt nytt for Paulus.

Her er det likt for alle menneske, frelsa må openberast for oss, om me skal sjå Guds rike og koma inn i det. Difor heiter det i Skrifta: «For med hjarta trur ein til rettferd.» Her blir det alt for lite med all vår vilje, vår gjerning og bøn, vår bestemmelse og alt vårt eige. Men dette ser me ikkje nokon av oss, før det personlege møte med Jesus. Då spør hjarta i sin nød: «Kven er du Herre?» Der er det mogeleg å høyra Guds Sons røyst, og dei som lyder på henne skal leva. Den dagen blei Paulus gjenfødt, og fekk flytta frå lova sitt rike og inn i Guds nåderike, frå gjerningane sin veg til nådeliv i Gud, ved trua på Jesus Kristus vår Herre.

Du som les dette, er du kjend på disse to vegane? Mange, mange er dei som lever og tenar Gud i den kristne forsamlingen og det kristne arbeidet, veit berre om ein veg, den naturlege lova sin veg. Men kven av dei trur at dette er dommen og døden sin veg? Det var over menneske med slike hjarto Jesus gret og sa: «Hadde du berre visst, om ikkje før i dag, kva som tener til di velferd! Men nå er det dult for augo dine.» Det var den same nød som dreiv bøna fram hjå Paulus, at dei måtte verta frelste.

Er det mange som bed denne bøna i

dag? Eg fryktar for at dei er få, til tross for alle rop om forbøn og bøn om vekelse.

Kva var det så som var dult for dette lovlydige folk? Det var rettferda frå Gud og det evige livet i Kristus. Dei spurde om det ikkje var nok med rett lære? Vi har då profetane, og trur for visst at dei tala i Herrens namn, bed dei same bøner, ofrar dei same offer for Gud, talar imot all synd som dei, og strir imot Sadusearar og all annan falsk lære.

Ja, rettferd vunnen ved kunnskap, lov og gjerning, det kan alle menneske forstå, tru på og arbeida for, for det er alle født og vaksen opp med.

Men derimot den rettferda som kjem av tru, den er for det naturlege menneske ein dårskap og for den eigenrettferdige ein støytstein. Det står skrive at det naturlege menneske tek ikkje imot det som høyrer Guds Ande til, for det er han ein dårskap, og han kan ikkje kjenna det, for det vert dømt åndeleg. (1. Kor. 2,14.) Det er årsaka til at der står skrive: «Hadde dei kjent han, så hadde dei ikkje krossfest herlegdoms-Herren.» Det er dårskap det evangeliet forkynner og gjev til den som trur: Rettferd for Gud til den som er full av urettferd, reinheit til den som er full av synd og ureinheit, liv til den som er død i synd og overtredelse, eit levande håp for den håplause, difor om nokon er i Kristus, så er han ein skapning; det gamle har forgjengst, sjå, alt har vorte nytt.

Korleis skal eg då verta frelst, og få vissheit om det evige livet?

Det er vel mange også i vår tid som strir med og leitar etter svar på dette spørsmålet. Nokon i det skjulte, mens

andre leitar etter svar og klarheit blant menneske. Men om du ville ta deg tid med Romarbrevets 10. kap. ville du nok både sjå og finna løyndomen — livet i Kristus. Dette ordet har den største lovnad til alle fortapte syndarar. Sjå berre kva som står skrive: «— og trur du i hjarta ditt at Gud vekte Jesus opp frå dei døde, så skal du verta frelst.» Ingen som trur på han skal verta til skammar. Herren er rik nok for alle som kallar på han, for *kvar den* som kallar på Herrens namn, skal verta frelst.» Slik står det her om han som vart gjeven for våre synder og oppvekt til vår rettferdigging.

Av dette ser du at det ikkje er din mangel på tru som er di ulukka, heller ikkje di uvissa, fatigdom, eller kva det måtte vera du synest å mangla. For vi manglar alt, og er fortapte med alt vårt eige. Den som ser dette og tek domen innover seg, og vender øyra og hjarta til det Gud seier, det menneske skal bli frelst. Det Herren har sagt og gjort til vår frelse, det overgår alt det menneske meiner og kan. Du skal ikkje bli til skamme ved å tru på Jesus, det seier Herren sjølv til deg i dette ordet. Tru på Gud og tru på meg, sa Jesus.

Er du fatig, kald, død og tom og hjelpelaus — han er rik nok for alle som kallar på han. Du skal også verta frelst i vidare tyding, du skal nå det fullkomne i himmelen, verta frelst frå fortapinga borte frå Gud. Når Paulus ser kva frelse er, og ser folket som lever i hans samtid under domen, på veg mot ei evig pine og fortaping, då ropar det frå hans hjarta bøna om at dei må verta frelste. Er dette ropet tagna i vår religiøse tid?

Odd Dyrøy.

Kvifor er Venus så blank?

Venus er kalla den klare morgonstjerna. Den lyser lenge etter at alle dei andre stjernene er «slokna». Jupiter er tusen gonger større i volum, men ikkje så blank som Venus! Kvifor? Jo, Venus er *nærare* sola, og har ein god refleks kvalit.

«Se meget på Jesus vil du bli Ham lik!» skreiv A. Jonassen i 1902. Det står i sangen: «Ta tid til å bede!» (S. 514).

«Det er heller skralt med mi bøn», seier du gjerne. Eg hugsar ein gong på kne at eg fekk serleg hjelp av Salme 102, særleg v. 1 a: «Bøn av ein arming, når han ormektast og let sitt klagemål strøyme fram for Herren.» *Bøn av ein arming!* Det var svar frå Gud. Det var som Jesus sa til meg: «Eg veit korleis du har det!» Ja, takk Herre!

På kne framfor GUD i Jesu namn
Me byrjar med bøn vårt yrke,
Me trengjer oss inn i Faders famn
og hentar oss mot og styrke
Me hentar oss lys på all vår lei,
Om tidene tykkjest mørke.

På kne framfor GUD i Jesu namn
Hans Ande i hjarta strøymmer,
Hans kjærleik gjer vegen grei og jamn,
HAN innved sin barm oss gøymer,
HAN vardar full vel sin augnestein,
HAN barnet sitt aldri gløymer. (S. 513.)

Eg minnest kyrkje-historikar Oscar Handeland gav oss si helsing då me stod ferdige til å reisa til China i -35. Han sa mange gir dykk nok gode helsingar med

på veggen no. Eg vil gi dykk ei råd også. Ta med så mange sangbøker av ymse slag, og ta fram og les når dagen blir grå og tung. I sangane har mange gitt sitt vitnemål, gjerne etter svære lidningar og prøver i livet deira. Såleis hjelper Salmenne i Bibelen oss til å be og gode sangar

som me serleg har i Norge. — Ein sang til om bøn:
Ta tid til å bede, Søk stillhet og ro!
I Frelserens nærhet Du alltid skal bo.

Venleg helsing
Andreas A. Bø

Singapore, den 4. mars 1982.

Sommarskulane

1. Sommarskule på Bakketun Folkehøgskule, Verdal, 23.—27. juni 1982.

Talarar: Odd Dyrøy, prost Lennart Karlsson (frå Sverige), Reidar Linkjendal, Godtfred Nygård.

Leiar: Godtfred Nygård.

PROGRAM:

Onsdag 23. juni:

Kl. 19.30 Samling og kveldsmat.
« 20.00 Møte ved O. Dyrøy.

Torsdag 24. juni:

Kl. 10.00 Bibeltime ved O. Dyrøy.
Emne: Rettferdiggjort av tru.
« 11.30 Bibeltime ved L. Karlsson.
Emne: Gud har talat.
« 17.00 Bibeltime ved R. Linkjendal.
Emne: Så sier Herren.
« 20.00 Møte ved G. Nygård.

Fredag 25. juni:

Kl. 10.00 Bibeltime ved L. Karlsson.
Emne: Gud har handlat.
« 11.30 Bibeltime ved O. Dyrøy.
Emne: Haldne oppe ved tru.
« 17.00 Bibeltime ved L. Karlsson.
Emne: Gud har varnat.
« 20.00 Møte ved R. Linkjendal. Offer.

Laurdag 26. juni:

Kl. 10.00 Bibeltime ved G. Nygård.
Emne: Nøklane til himmelriket.
« 11.30 Bibeltime ved R. Linkjendal.
Emne: Gal. 2,19.
« 17.00 Bibeltime ved O. Dyrøy.
Emne: Endemålet for tru.
« 20.00 Møte/Bibeltime ved L. Karlsson.
Emne: Gud har lovat.

Sundag 27. juni:

Kl. 10.00 Møte/Bibeltime ved L. Karlsson.
Emne: Gud har førmanat. Offer.
« 11.30 Møte ved R. Linkjendal.
« 13.00 Middag som avslutning på sommarskulen.

Send innmelding innan 20. mai til Godtfred Nygård, 5420 RUBBESTADNESET — *gjern* skiftleg med namn og adresse samt alder på alle som er under 15 år. Tlf. 054-27435.

Sei frå ved innmeldinga om De ynskjer oppreidd seng.

Pris for opphaldet: Full pensjon m/oppreidd seng kr. 145,00 pr. døgn. Full pensjon u/oppreidd seng kr. 130,00 pr. døgn. Under 15 år kr. 75,00 pr. døgn. Under 6 år går fritt.

For teltplass og campingvogn kr. 30,00 pr. døgn.

Program blir tilsendt alle som melder seg på.

2. Sommarskule med årsmøte på Lundheim Folkehøgskole, Moi, 14.—18. juni.

Talarar:

Odd Dyrøy, Amund Lid, Reidar Linkjendal, Tore Nilsson, Godtfred Nygård.
Leiar: Styret.

PROGRAM:

Onsdag 14. juli:

Kl. 19.00 Samling og kveldsmat.
« 20.00 Møte ved A. Lid.

Torsdag 15. juli:

Kl. 10.00 Årsmøte, formannen leiar.
Andakt ved Oddvar Lønnerød.
« 17.00 Bibeltime ved T. Nilsson.
Emne: Då Gud behagar uppenbara
sin Son (Gal. kap. 1).
« 20.00 Møte ved Odd Dyrøy.

Fredag 16. juli:

Kl. 10.00 Bibeltime ved G. Nygård.
« 11.30 Bibeltime ved R. Linkjendal.
Emne: Et folk i frafall.
« 17.00 Bibeltime ved O. Dyrøy.
Emne: Guds husfolk.
« 20.00 Møte ved T. Nilsson. Offer.

Laurdag 17. juli:

Kl. 10.00 Bibeltime ved A. Lid.
« 11.30 Bibeltime ved T. Nilsson.
Emne: Jag förkastar icke Guds
nåd, jag är korsfäst med
Kristus (Gal. kap. 2).
« 17.00 Bibeltime ved G. Nygård.
« 20.00 Møte ved R. Linkjendal.

Sundag 18. juli:

Kl. 10.00 Møte/Bibeltime ved T. Nilsson.
Offer.
Emne: Frikøpt genom Honom som
vart en förbannelse
(Gal. kap. 3).
« 11.30 Møte ved R. Linkjendal.
« 13.00 Middag som avslutning på
sommarskulen.

Send innmelding innan 15. juni til Ragnar Opstad, Opstadv. 38, 4350 NÆRBØ — *gjerne skriftleg med namn og adresse samt alder på alle som er under 15 år.* Tlf. 04-433685.

Send innmelding innan 20. mai til Godtfred Nygård, 5420 RUBBESTADNESET — *gjerne skiftleg med namn og adresse samt alder på alle som er under 15 år.* Tlf. 054-27435.
Sei frå ved innmeldinga om De ynskjer oppreidd seng.

Pris for opphaldet: Full pensjon m/oppreidd seng kr. 145,00 pr. døgn. Full pensjon u/oppreidd seng kr. 125,00 pr. døgn. Under 15 år kr. 70,00 pr. døgn. Under 6 år går fritt.
For teltplass og campingvogn kr. 30,00 pr. døgn.
Program blir tilsendt alle som melder seg på.